

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Tiltak knytt mot "Barnas transportplan" i NTP skal prioritere born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet i RTP.»

Avrøysting

Innstillinga unnateke punkt 4.2.4 vart samråystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Innstillinga punkt 4.2.4 vart vedteke mot 2 røyster (U, FNB).

Vedtak

1. Fylkesutvalet sender med dette utkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 på høyring, saman med utkast til handlingsprogram, utkast til strategi for mjuke trafikantar og utkast til strategi for berekraftig mobilitet.

2. Det vert innarbeidd følgjande endringar:

4.1.3.2 siste avsnitt, siste setning, nytt forslag:

«Fordi den nasjonale skredsikringsmodellen skil lite mellom dei høgt og lågt trafikkerte skredutsette vegane i Vestland, har administrasjonen laga ein modell som vektar ÅDT og skredfare høgre. Både denne og ordiner liste etter nasjonal skredsikringsfaktor, supplert med liste for ÅDT på det enkelte prosjekt, ligg som kunnskapsgrunnlag for prioritering.»

Under pkt 2 Hovudmål, Bærekraftig: Tillegg under 1. avsnitt:

«For alle plantema skal det sikrast at omsynet til mennesker med nedsett funksjonsevne eller andre utfordringar, vert ivaretake ved utforming av tilbod, nye anlegg eller vedlikehald av eldre anlegg, slik at sosial berekraft blir reell.»

Nytt punkt:

«Gjennom "Barnas Transportplan" skal ein ha særleg merksemd for born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet.»

Strategiar for mobilitet og kollektivtransport, fleksibelt skysstilbod:

«Vestland skal ha eit differensiert kollektivtilbod som er basert på stadeigne behov og skal vidareføre og vidareutvikle det fleksible skyss- tilbodet.»

4.1.4 Strategier for fylkesvegnettet - i stedet for kulepunkt 8:

«Ved prioritering og utbedring av skredpunkt skal nasjonal skredfaktor leggast til grunn, samt tilleggsmoment som ådt, lokale og regionale verknader av stengt veg,, geologiske vurderinger og frekvens på skred.»

4.2.4 Strategier for mobilitet og kollektivtransport

«Vestland skal vere ein pådrivar for å vidareutvikle eit godt regionalt flyrutetilbod for fylket, som også bygger opp under Flesland som knutepunkt nasjonalt og internasjonalt. Vestland må ha som ambisjon om å få etablere pilot for utprøving av el-fly.»

«Tiltak knytt mot "Barnas transportplan" i NTP skal prioritere born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet i RTP.»

Pkt. 4.1.1 Vektlegge natur i vegbygging, endring kulepunkt 3:

«Fylkesvegnettet skal planleggast, byggast, driftast og forvaltast på ein framtidsretta måte som tar omsyn til klima, miljø og natur.»

Pkt. 4.1.4, nytt underpunkt:

«Legge vekt på omsynet til naturen i arealplanlegging og bygging av vegprosjekt.»